

Referat frå møte i Samarbeidsutvalget (SU) Ombo oppvekstsenter

Måndag 5. februar 2024, 09.00-10.30 (flytta frå 22. januar pga. innstilt ferje)

Møte nr. 1/2024.

Møte fysisk og på Teams.

Innkallinga er send til:

Hege Berglund (leiar FAU og repr. foreldre 5.-7. klasse), Magnhild Skartveit Olsen (vara repr. foreldre barnehage), Sunniva Nårstad (repr. foreldre 1.-3. klasse), Rasmus Bø (repr. tilsette skule), Tove Bergjord Tysdal (repr. tilsette barnehage), Frid Rørheim (repr. andre tilsette), Inger Auestad Havn (repr. Stavanger Kommune), elevrådet (Tirill Nårstad og Ailo Soma Nårstad , v/ Rasmus Bø), Hanna Skartveit (rektor og referent).

Tiril og Ailo er nye representantar. Frid Rørheim var sjuk og ikkje til stades på møtet. Inger Auestad Havn deltok på Teams.

Sak 19-23/24: Velkommen til nytt medlem i SU, Inger Auestad Havn!
Inger presenterte seg sjølv. Ho representerer AP for Stavanger Kommune.

Sak 20-23/24: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Godkjent.

Sak 21-23/24: Godkjenning av referat frå SU-møte 20. november 2023.

Godkjent.

Sak 22-23/24: Endring i praksis for avspasering frå neste år.

Hanna informerte om at vi ikkje lenger får lov av kommunen å avspasere for aktivitetar på kvelden. Dette er siste året vi kjem til å gjere dette. Men personalet ønsker å halde fram med festar etter skuletid (t.d. Solidaritetsaksjon, nissefest, sommarfest). Vi har inntrykk av at elevane ønsker dette og vi vil at foreldrene skal kunne delta. Dette er særskilt viktig på ein liten skule. Tiril og Ailo bekrefta at dei likar å ha slike festar etter skuletid. Foreldreprésentantane ønsker også det.

Frå neste år kjem lærarane til å avspasere kvar for seg, ikkje på ein felles dag. Elevane har ikkje lov å avspasere.

Sak 23-23/24: Informasjon frå rektor.

- Personalsituasjonen på oppvekstsenteret.
 - o Asjen er tilbake frå foreldrepermisjon, Frid er tilbake i stillinga som skuleassistent og Mary-Janne er tilbake i 52 % stilling i barnehagen.

- Magnhild bekrefta at foreldra merkar ein god forskjell i barnehagen når det er ein person til der på ettermiddagen.
- Sunniva og Magnhild tok opp korleis ekstraressursen i 50 % (Morten Nedrebø) som vi fekk til barnehagen vil bli brukt framover. Hanna forklarte at i år er han delvis i SFO på Ombo og delvis utlånt til barnehagen på Sjernarøy. Det er også ei utfordring med at Silvia er ute i ulønna permisjon og at det ikkje er rett at Morten skal trumfe hennar ansiennitet og gå før. Men dette er ei utfordring i og med at tanken med ekstraressursen var å styrke personalet, at dette skulle komme i tillegg til ordinært personale. Hanna sa at neste år ikkje er avklart og at ho ikkje veit meir nå. Forhåpentlegvis vil vi vite meir til neste SU.
- Bytte av kontaktlærarar.
 - Asjen og Rasmus har bytta klasse; Asjen er kontaktlærar for 5.-7. og Rasmus for 1.-3.
- Uteområdet.
 - Hanna refererte til e-post frå landskapsarkitekt Aleksandra Lukasiewicz (16. januar 2024), der ho skriv at støttemur framleis er i prosjektfasen og at ho ikkje veit sikkert når arbeidet vil komme i gang.
 - I tillegg til klatrevegg skal det komme basketballkorger på baksida. Då må vi handle inn nye basketballar til utebruk.
 - Vi har bestilt og mottatt 2 sparkesyklar. I tillegg har vi fått nye hjul til ein tredje som vi hadde frå før. Desse vil vi starte å bruke når grusen ute er feia opp etter vinteren (pga. tryggleik). Elevrådet vil lage ein plan for kven som skal bruke dei på kva for nokre dagar, så det ikkje blir krangling, samt reglar for bruk. Alle som skal bruke dei må ha med eigen hjelm. Den kan leggast igjen på skulen ved behov.
- Skuleruta.
 - Det er ein liten feil i skuleruta. 10. mai er fridag, ikkje planleggingsdag. Barnehagen jobbar dette inn som fridag. SFO vil ikkje vere open.

Sak 24-23/24: Saker frå Elevrådet.

Ingen førebudde saker.

Rasmus: Elevrådet har ikkje hatt så høg aktivitet i det siste, blant anna pga. bytte av kontaktlærar etc. Vi skal ha fellesmøte førstkomande fredag, der dei små også får uttale seg. Tiril og Ailo er nyvalgte inn, og så skal vi velge inn 1 fra 5. klasse. Berre Tirill og Ailo skal sitte i SU.

Vi kjem til å begynne med trivselsleiarar/aktivitetsleiarar ute. Elevrådet skal jobbe med dette og lage plan for kven som skal gjere det, kva dei skal gjere og kor ofte. Tiril: Kva onsdag for eksempel, i matfriminuttet? Rasmus: Dei yngste har kort dag då, så det er ikkje den beste dagen. Tysdag kan vere ein bra dag, dette vil vi komme tilbake til. Sunniva: Skal alle få sjansen til å gjere dette? Rasmus: Fortrinnsvis dei eldste, 5.-7. trinn. Elevrådet går gjennom utstyret vi har i gymsalen og sjekkar aktivitetar i TL-bok som vi har liggande. Trivselsleiarar får gå ut litt før for å gjere klar. Det bør vere «obligatorisk» at alle er med på aktivitetane, iallfall i byrjinga.

Sak 26-23/24: Saker frå FAU.

- Ingen saker meldt inn på førehand.
- Sunniva: Godt jobba til FAU for grautlaging til jul!

Sak 27-23/24: Ymse.

- Samane sin nasjonaldag i morgen. Tove fortalte litt om besøk frå barnehagen på Fogn i morgen. Dei skal ha aktivitetar og mat knytta til samiske tradisjonar heile dagen.
- Vi har byrja å male konferanserommet sjølv. Vi skal etter kvart også bestille maling av heile skulen inne, men vi må bestemme fargar først. Det blir ikkje i utgangspunktet same fargar som på konferanserommet.

Sak 28-23/24: Neste møte.

Måndag 6. mai.